

Tvisteløysingsnemnda

etter arbeidsmiljølova

Vedtaksdato: 23.04.2012

Ref. nr.: 12/7211

Saksbehandlar: Helene Nødset Lang

VEDTAK NR 24/12 I TVISTELØYSINGSNEMNDA

Tvisteløysingsnemnda heldt møte fredag den 20. april 2012.

Ved behandling av saka var tvisteløysingsnemnda satt saman slik:

Faste medlemmer

Henning Harborg, leiar

Lornts Natrud Nagelhus, LO (vara for Anne-Lise H. Rolland)

Elisabeth Lea Strøm, NHO

Særskilde oppnemnde medlemmer

Hanne Lyngstad Solberg, KS

Arild Hølland, Utdanningsforbundet

Saka gjeld

Tvist om redusert arbeidstid etter arbeidsmiljølova § 10-2, fjerde ledd

Arbeidstakar

A

Arbeidsgivar

B kommune

Det vart treffe slikt vedtak:

Saksframstilling

A har full stilling som pedagogisk leiar i X barnehage i B kommune. Ho ønskjer å ha fri i skulen sine feriar og søkte difor om redusert arbeidstid med 11 prosent i skjema datert 22. januar 2011 (vi går ut ifrå at rett årstal skal vere 2012). Søknaden gjeld for perioden 20. august 2012 til 20. august 2013.

A fekk avslag på søknaden i brev frå kommunen 6. februar 2012. Grunngevinga var at dette var ei dårleg løysing for barnehagane og at det hindrar andre arbeidstakarar i å få fri i skulens feriar. Ho fekk samstundes tilbod om å avtale ei anna organisering av redusert arbeidstid med styrar.

Saka vart brakt inn for tvisteløysingsnemnda ved brev motteke 29. februar 2012. Overfor nemnda har begge partane fått kome med ytterlegare opplysingar og grunngevingar i saka.

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidstakar:

- brev med vedlegg motteke 29. februar 2012
- brev av 27. mars 2012

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidsgivar:

- brev av 28. mars 2012
- e-post av 17. april 2012
- e-post av 18. april 2012

Utsegn frå arbeidstakar

A gjer gjeldande at ho har krav på redusert arbeidstid i form av fri i skulens ferier og fører i det vesentlege fram:

A har to barn, det eldste er 7 år, og ho ynskjer meir tid saman med desse i skulen sine feriar. Dei nyttar ikkje SFO i feriane og har problem med å skaffe anna barnepass. Ei anna ordning ville heller ikkje gje henne meir tid med borna sidan det er skule kvar dag.

Arbeidsgivar si grunngeving om at andre arbeidstakarar ikkje får fri ser ho ikkje som noko problem av di det ikkje er andre tilsette i X barnehage med barn under 10 år. Styrar i barnehagen ser det heller ikkje som noko problem å prøve denne ordninga hos dei.

Utsegn frå arbeidsgivar

B kommune gjer gjeldande at dei ynskjer å redusere arbeidstida for A, men ikkje i skulen sine feriar, og fører i det vesentlege fram:

B kommune hadde ei ordning frå 2006 der arbeidstakarar kunne søkje om fri i skulen sine feriar. Denne ordninga vart vurdert etter fire år og kommunen kom til at den ikkje skulle vidareførast. Dette var av di det vert vanskeleg for andre arbeidstakarar å få fri i skuleferiane og av di timer med avspasering hopa seg opp.

Arbeidsgivar har i denne saka opna opp for at A kan ta ut ferie eller søkje ulønna permisjon frå gang til gang, men at dagane må fordelast dersom det er fleire arbeidstakarar som vil ha fri.

Tvisteløysingsnemndas merknader

Arbeidstakar som har behov for det av di dei har vektige velferdsgrunnar har rett på redusert arbeidstid etter arbeidsmiljølova § 10-2 fjerde ledd, men berre når reduksjonen kan gjennomførast utan vesentleg ulempe for arbeidsgivar.

Lovas forarbeid seier at foreldre med barn under 10 år utan vidare har behov for redusert arbeidstid. Dei treng difor ikkje nokon nærare grunngjeving. Det kjem og fram i forarbeida at interessene til arbeidstakar og arbeidsgivar sine ulemper må vegas mot kvarandre. Viss arbeidstakar sitt behov er særleg stort må arbeidsgivar ha ein betre grunngjeving for å avslå enn elles.

Nemnda legg til grunn at A har vektige velferdsgrunnar etter lova av di ho har born under 10 år. Spørsmålet er om ulempene for arbeidsgivar her veger tyngre enn behovet A har for å ha fri i skulens feriar.

Arbeidsgivar har avslått søknaden av di dei i fire år har hatt ei ordning der arbeidstakarane kunne få fri i skulens feriar. Dette fann dei ut var ei god ordning for arbeidstakarane som hadde ordninga, men at det gjekk ut over dei andre arbeidstakarane som ikkje fekk fri eller avspasering. Det var og eit problem å få tak i vikarar som ville binde seg til desse feriane.

Fleirtalet i nemnda, medlemmane Harborg, Nagelhus og Hølland, ser at arbeidsgivar tidlegare har opplevd ulemper ved slike ordningar som arbeidstakar her har bedt om. Fleirtalet ser også at slike ordningar vil innebere utfordringar for arbeidsgivar der mange arbeidstakarar fyllar lovens krav og ønskjar det same. Fleirtalet finn likevel at slike generelle erfaringar ikkje kan gi grunn til avslag i dette konkrete tilfellet der arbeidstakar er den einaste i denne barnehagen som har born under 10 år og der styrar ikkje meiner ordninga vil innebere ulempe. At styrar seinare har uttalt at ho vil vere lojal mot vedtaka til kommunen, endrar ikkje at ordninga ikkje vil innebere ulemper for denne barnehagen i det kommande barnehageåret.

Fleirtalet i nemnda har difor kommen fram til at A har krav på redusert arbeidstid i skulen sine feriar i det kommande barnehageåret.

Mindretalet i nemnda, medlemmane Strøm og Solberg, legg i vurderinga stor vekt på at kommunen har forsøkt denne ordninga i fleire år med den erfaring at ordninga er uheldig for andre arbeidstakarar. Dersom alle som ønskjer slike ordningar skulle få dei, ville barnehagetilbodet over tid stå i fare i skoleferiane ettersom mange vil fylle vilkåra. Når arbeidsgivar kan underbygge ei slik generell ulempe, må arbeidstakar vise til større problem/behov enn elles for å gjere krav på ei slik ordning. Mindretalet ser i den forbindelse at borna har tilbod om SFO i skulen sine feriar slik at behovet for fri ikkje er serleg stort. Det er og lagt vekt på at arbeidsgivar har opna for permisjonar utan lønn i ferier. Det er ei ordning som i større grad opnar for likebehandling av dei arbeidstakarane som ønskjer mest mogleg fri i skoleferiane ved at dette godet kan delast på alle arbeidstakarar og ikkje berre tildelast dei få som kan gis slike ordningar.

Mindretalet har etter ei konkret veging av partane sin interesse kommen fram til at det er ei vesentleg ulempe for B kommune om A får redusert arbeidstid i skulen sine feriar.

Konklusjon

A har rett til redusert arbeidstid i form av fri i skulens feriar i perioden 20. august 2012 til 20. august 2013.

Twisteløysingsnemnda

Henning Harborg
leiar

Lillestrøm, 23.04.2012

Til orientering:

Twist om førerrett for deltidstilsette kan bringast inn for domstolane etter at tvisteløysingsnemndas vedtak føreligg, jf arbeidsmiljøloven § 17-2 andre ledd. Nemndas konklusjon står ved lag mens saka er til behandling ved domstolane. Dersom dette vil virke urimeleg, kan retten etter krav frå ein av partane fastsetje ei anna mellombels ordning.

”Frist for å bringe tvisten inn for domstolene er åtte uker fra det tidspunkt nemndas avgjørelse foreligger”, jf arbeidsmiljølova § 17-2 tredje ledd.